

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 1970-20	
DATO 24 JAN. 2011	
AN	EKSP.

TUSSA KRAFT AS

Langemyra 6, 6150 Ørsta
Telefon: 70 04 62 00
Telefaks: 70 04 62 01
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no
Bankkonto: 6562 05 11573
NO 916 929 641 MVA

Dykkar ref.:**Vår ref.:**
ED/LT**Sak/dok.nr**
TK 11/00049-1**Arkivref.**
311**Dato:**
21.01.2011**Fråsegn til "Lov om elsertifikat"**

Vi syner til høyringsnotat av 8.12.2010 om "Lov om elsertifikat".

Tussa er glad for at det etter mange års tvil og tru endeleg ligg føre eit lovframlegg for elsertifikat. Vi sluttar oss til fråsegna frå Energi Norge, men vil sende inn eigne kommentarar om produksjon som har rett til elsertifikat og om grunnrenteskatt av inntekter frå elsertifikat.

Produksjon som har rett til elsertifikat

Vi er glade for at lovutkastet legg opp til teknologinøytralitet. Det vi er mindre nøgde med er overgangsordninga som vart fastsett med verknad frå 26. november 2009. Overgangsordninga omfattar alle kraftverk med byggjestart etter 7. september 2009. Omfatta av ordninga vert også vasskraftverk med byggjestart etter 1. januar 2004 og installert effekt inntil 1 MW.

I grunngjevinga for overgangsordninga seier Olje- og energiminister, Terje Riis-Johansen følgjande:

"Jeg er opptatt av å sikre fortsatt bygging av fornybar energi fram til et felles elsertifikatmarked med Sverige er etablert. Forutsigbarhet for kraftselskap og grunneiere er viktig, og overgangsordningen som i dag presenteres bidrar til det, sier olje- og energiminister Terje Riis-Johansen."

Å bruke påstanden om "forutsigbarhet" for overgangsordninga er å tøye meininga med ordet "forutsigbarhet" vel langt. Basert på tydelege signal som Olje- og energiminister, Einar Steensnæs, kom med i stortingsmelding nr. 18 (2003-2004) og pressemelding med lovnad om at produksjon med byggjestart etter 1. januar 2004 skulle få høve til å vere med i ordninga, er det eit stort lovnadsbrot at ikkje alle vasskraftverk får vere med i ordninga frå denne datoen.

No er det ein annan koalisjon som har regjeringsmakta, og han treng sjølv sagt ikkje vere bunden av føregåande regjeringar, men eg vil minne om og tek eit langt sitat frå komiteen si handsaming av stortingsmelding nr. 18 (2003-2004) for å hjelpe på hugsen.

"Komiteen viser til at spørsmålet om et pliktig sertifikatmarked for fornybar elektrisitet ble drøftet i St.meld. nr. 9 (2002-2003) Om innenlands bruk av naturgass mv. Her gikk Regjeringen inn for å ta del i et internasjonalt marked for sertifikater. Stortinget sluttet seg til hovedtrekkene i denne politikken og bad "Regjeringen ta

initiativ til - fortrinnsvis - et felles norsk-svensk pliktig grønt sertifikatmarked som eventuelt kan samordnes med et internasjonalt sertifikatmarked, med sikte på å legge frem et konkret forslag for Stortinget så snart som mulig, og senest våren 2004".

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, mener at et internasjonalt sertifikatmarked vil være med å danne et grunnlag for utvikling av mer fornybar elektrisitet i Europa. Det vil også være med å legge grunnlaget for verdiskaping i Norge, som har både vannressurser og vindressurser.

Komiteen mener det er avgjørende viktig at investeringer i ny fornybar energi ikke stopper opp i påvente av et slikt marked, og komiteen legger til grunn at alle som investerer i prosjekter fra og med 1. januar 2004, og som ellers vil bli tilkjent grønt sertifikat, får det. Komiteen viser i denne sammenheng til pressemelding fra olje- og energiminister Einar Steensnæs der han uttaler:

"Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon nå ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunktet."

Komiteen støtter dette.

Komiteen har også merket seg flere henvendelser om at investeringer som er gjort i fornybar energi før 2004 også må tilkjennes grønt sertifikat, og viser til at Regjeringen vil vurdere denne problemstillingen i forbindelse med saken om grønne sertifikater som Regjeringen har varslet.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet har merket seg den usikkerheten som har oppstått ved at Regjeringen har utsatt innføringen av et grønt sertifikatmarked til 2006. Disse medlemmer viser til at et flertall på Stortinget flere ganger har understreket viktigheten av å få innført et pliktig grønt sertifikatmarked for ny fornybar energi, og mener at det bør innføres tidligere enn 1. januar 2006.

Disse medlemmer mener dette bør kunne iverksettes, om mulig ett år tidligere, fra 1. januar 2005.

Disse medlemmer foreslår:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem det nødvendige lovforslag om innføring av et pliktig norsk-svensk sertifikatmarked så snart som mulig. Alle anlegg med byggestart etter 2004 og som kvalifiserer for det, må kunne omfattes av ordningen."

Bortsett fra Framstegspartiet var det i 2004 semje mellom alle andre parti på Stortinget om å ville innføre elsertifikat. Ein samla komité meinte at det var avgjerande viktig at investeringar ikkje stoppa opp, og det var difor viktig å gi signal om at alle som kvalifiserte for det ville bli med frå 2004. Det var faktisk ei drøfting om utbyggingar før 2004 også skulle kunne bli med. Noverande regjeringskoalisjon uttalte tydeleg at alle anlegg med byggjestart etter 2004 og som kvalifiserer for det, må kunne omfattast av ordninga.

Lovnadene frå 2004 har ved fleire høve seinare vore stadfesta i politiske talar og uttalar.

Med ei slik tverrpolitisk semje har det vore mange som i svært god tru har bygd småkraftverk. Spesielt i Midt-Noreg var det sterk oppmoding om å byggje ut. I søknadsbunken til NVE vart verk frå Midt-Noreg prioriterte for å betre den regionale kraftbalansen så godt som mogeleg. For Tussa dreier det seg om 2 kraftverk, i forsyningsområdet vårt er det 11 og så langt vi kjenner til er det om lag 180 på landsbasis. I området vårt er det i gjennomsnitt 10 grunneigarar som har gitt aksept pr. utbygging. Viss det er same gjennomsnittet for dei andre

verka i Noreg, er det 1 800 grunneigarar i landet som har vorte lurte av regjering og Storting til å gjennomføre utbyggingar. Fleire av utbyggingane er marginale og det kan vere ein risiko for tap for nokre, mellom anna fordi konsekvensane av ei "overstimulering" av nye prosjekt kan redusere "gråkraftprisen" og at det er rekna med bidrag frå elsertifikat. Grunneigarane, som basert på tverrpolitisk semje har investert i vasskraftverk, kan altså bli endå større taparar fordi "gråkraftprisen" kan bli lågare grunna stor tilgang på nystimulert kraft.

Viss det frå politisk hald er sett på som for stor føremon for einskilte kraftverk at det blir for lang tilbakeverkande tid, må det hugsast på at regelverket legg opp til at retten til elsertifikat skal vere 15 år frå idriftsetjing. Når sertifikatordninga ikkje blir gjeldande før enn i 2012, vil kraftverk som er sett i drift før 2012 få redusert tida dei er med i ordninga. Det vil seie at eit kraftverk som er sett i drift i 2005 vil ha rett til sertifikat fram til 2020. Det vil altså få sertifikat i 8 av det som kunne ha vore 15 år. "Tidsavkortinga" gjer at konsekvensane av å ta med verk tilbake til 2004 ikkje bør vere uoverkomelege. Av dette kan det også utleiast at det er eit stort lovnadsbrot at sertifikatordninga kjem seint.

Mykje av inntektene frå grøne sertifikat vil tilfalle grunneigarane anten dei har bygd ut sjølve eller andre har gjort det. Mange av dei aktuelle kraftverka er spreidde utover utkant-Noreg og å inkludere desse i ordninga vil truleg ha ein positiv fordelings effekt samstundes som det vil gi bidrag til meirinntekter for både det private og offentlege i mange lokalsamfunn. Staten sitt skatteproveny vil vel heller auke enn bli redusert ved å inkludere kraftverka tilbake til 1. januar 2004. Kva konsekvens sertifikatordninga vil ha på gråkraftprisen er usikker, men det er mange som hevdar at han vil bli redusert på sikt. I den kritiske situasjonen som kraftforsyninga er i for tida, har i alle fall dei 180 verka gitt sine bidrag til at kraftprisen har vorte litt mindre enn den elles ville ha vore. Det burde vere rimeleg at politikarane krediterte kraftutbyggjarane som har vore lojale overfor politikarane sine oppmodingar og bidrege til ein betre kraftbalanse i ein kritisk periode for norsk energiforsyning.

Dersom overgangsordninga skal vere "forutsigbar", altså i samsvar med lovnader, må alle vasskraftverk som har hatt byggjestart etter 1. januar 2004 inkluderast i ordninga.

Grunnrenteskatt

Finansdepartementet har kome med framlegg om at elsertifikat skal skattleggjast som grunnrente for anlegg som kvalifiserer til det. Vi støttar Energi Norge si fråsegn om at; ei slik innføring vil gjere ordninga ikkje teknologinøytral, det vil bli skilnader i investeringsinsentiva mellom Noreg og Sverige og elsertifikat ikkje er ein naturressurs.

Eit anna tilhøve er at anlegg som har installert effekt over 5,5 MVA må betale grunnrenteskatt av heile produksjonen både for elsertifikat og gråkrafta medan anlegg som er under 5,5 MVA får heilt fritak for grunnrenteskatt. I praksis vil dette medføre at det ikkje vil bli bygde anlegg frå 5,5 MVA og kanskje heilt opp til 10 MVA sjølv om dei fysiske føresetnadene ligg til rette for det. Dette vil utgjere eit samfunnsøkonomisk tap eine og åleine grunna eit urasjonelt regelverk. Kravet til regelverket må vere slik at det fremjar rasjonell utnytting av vasskraftressursane i samsvar med energilova sine mål. Eit framlegg kan vere å gi alle kraftverk eit botnfrådrag ved kalkulering av grunnrenteskatt både for elsertifikat og gråkraft på inntil til dømes 20 GWh (5 MW og 4 000 brukstimar).

Oppgradering av eksisterande kraftverk har eit vesentleg potensiale. Det vil truleg vere fornuftig i alle fall utifrå eit miljøperspektiv å gi gode bedriftsøkonomiske insentiv til slik oppgradering. Å gi fritak for grunnrenteskatt på innvunne energi ved oppgraderinga, både når det gjeld elsertifikat og gråkraft, er eit tiltak som må vurderast. Ein del eksisterande kraftverk kan ved oppgradering også møte den urasjonelle grensesetjinga som er for kva verk som skal grunnrenteskatteleggjast.

Tussa er 99,5 % eigd av kommunar og anlegga våre er i hovudsak innanfor eigarkommunane sine grenser. Vi har registrert at ein stadig mindre del av skattar og avgifter frå kraftproduksjon går til vertskommunane og det same kan seiast om det å vere kraftverkseigar der ein stadig mindre del av kraftinntektene går til eigarane.

Framlegget om å grunnrenteskatteleggje elsertifikat vil svekkje kommunane sin del av skatteinntekter ytterlegare fordi inntektene til kraftverkseigaren og grunneigarane blir redusert. Lokalsamfunna i kommunane er avhengige av at både private og kommunar har inntekter som ikkje berre er finansierte av overføringar frå staten. Det er også fleire døme på statlege støtteordningar til bransjar som har skattefritak. Vi er uroa over at reine naturbaserte næringar, som det er ein del av i eigarkommunane, skal bli skattlagde mykje strengare enn det vi ser andre næringar blir utsett for. Utifrå eit fordelingsperspektiv og rettferd mellom bransjar burde det ikkje vere grunnrenteskatt på elsertifikat.

Avsluttande kommentar

Tussa er glad for at det no endeleg ligg føre eit konkret framlegg til elsertifikat i Noreg. I tillegg til kommentarane som Energi Norge har laga, peikar vi på lovnadsbrotet om at ikkje all vasskraft som kvalifiserer til det vil bli inkludert i ordninga frå 1. januar 2004. Vi ber difor om at det blir gjort.

Vidare har vi merknader til det urasjonelle regelverket knytt til innslaget av grunnrenteskatt. Vi ber om at ein botnfrådragsmodell blir innført for å gjere grensa indifferent på val av maskinstorleik, og at det ikkje blir innført grunnrenteskatt på elsertifikat. Det bør også vurderast om regelverket rundt grunnrenteskattlegginga bør stimulere meir til oppgradering av eksisterande kraftverk enn det som ligg i dagens ordningar.

Med vennleg helsing
TUSSA KRAFT AS


Elling Dybdal
adm. direktør